



Sakslista vart godkjend.

**6. Årsmeldinga:**

Årsmeldinga vart lese opp i møtet og godkjent.

**7. Rekneskap 2016:**

Steinar Jæger gjorde greie for Resultatrekneskap, Balanse, Avskrivningar og likviditetsbudsjett.

Rekneskapen vart godkjend av eit samla årsmøte.

**8. Vedtektsendringar, forslag:**

Det var to innkomne forslag til vedtektsendringar:

SAK 1

Når rekningar ikkje vert betalt to år etter kvar andre, og medlemmar i denne forbindelse ikkje er mogeleg å finna og/eller få i tale, så vil eg føreslå fylgjande til årsmøtet: Folk som ikkje har gitt lyd frå seg på to år, eller som me i denne tida ikkje har klart å få eit svar angående ikkje betalt rekningar, - Dei kan me stryka som medlemmer, dei mister og sitt medlemsskap samt ansiennitet.

## ***Vedteke ved akklamasjon***

### SAK 2

Dugnad skal jobbast for kvar einskild heil båtplass eit medlem eig. Dersom ein i tillegg eig jolleplass, så er denne fritaken for dugnad. Dette gjeld f.o.m. dugnadsåret 2017

.Saka blei gjenstand for noko diskusjon og vart avgjort ved handsopprekking. 25 stemte for og 6 i mot .

### **9. Kontingent, avgifter, innskot, verdi av båtplassar, etc.:**

Vert uforandra på 2016 nivå

### **10. Budsjett 2017:**

Budsjettet for 2017 vart gjennomgått og godteke.

### **11. Val:**

Dei framlegga som vart lagd fram av valnemnda vart samrøystes vedteke.

Fylgjande personar utgjer no styret, sit i komitear og andre verv:

**Leiar:** Johnny Berge Olsen, attvald

**Økonomi leiar/nestleiar:** Steinar Jæger, attvald

**Sekretær:** Øyvind Bie, ikkje på val

**Hanneleiar:** Svein Onarheim, attvald

**Tiltaksleiar:** Kjetil Sele, ikkje på val

**Vedlikehaldsleiar:** Stein Stendahl, ikkje på val

**Varamedlemmer til styret:** Bjarne Engevik, Gunnar Førland og Gisle Oma vart attvald.

**Arrangementskomité:** Ernst Wilhelmsen ønskte ikkje attval, Kari Aas, Ingrid Johanne Eskeland vart attvald. Ny: Marit Vatne

**Hamne komité:** Arild Slålie ønskte ikkje attval, Bjarne Engevik, Gunnar Førland, Gisle Oma, og Tore Østrem vart attvald. Ny: Ole Fjæra

**Hus leiar:** Margunn Liv Oma

**Revisorar:** Sigurd T. Bendixen attvald, Reidar Holsen ikkje på val

**Valkomité:** Leiar Råmund Rommetveit ikkje på val. Medlemer Helge Steffensen & Øyvind Bie attvald

**12. Avslutning:** Møteleiaren retta og ei stor takk og hadde med blomebukett til avtroppande Hamne komité medlem Arild Slålie og Tiltaks komité medlem Ernst Wilhelmsen. Det blei informert om at laget har 182 medlemar på Facebook og at dette er hovud informasjons kanalen for laget. Det vart og informert om at Strandryddegjengen får 5t x 6 medlemar sin dugnad for i år å rydde strender på Tveiteøyane og eventuelt langs strender på Nuen sida av Huglo.



